

Grønt lys for fritidsbustad

07.02.2010

Kommunen har no gjeve igangsetjingsløyve for byggjing av ein fritidsbustad på Ytre Eik. Tiltakshavar er Anna Bjørkevoll og ansvarleg søkjar Byggpartner Kvinnherad og huset er planlagt med eit brutoareal på 117 kvadratmeter.

Administrasjonen tilrår at støyskjerming vert utført i tråd med støyvurdering frå Kilde Akustikk.

Søkjaren lyt straks ta kontakt med Statens vegvesen for godkjenning av avkøyring i tråd med krav frå vegvesenet. Det vert ikkje gjeve bruksløyve for bygget før avkøyring er godkjent av vegvesenet og før teknisk anlegg er ferdig fram til bygget.

Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.